



Aurland kommune

KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SØKNADAR OM LØYVE TIL MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ ISLAGDE VASSDRAG

Utfyllande retningslinjer for bruk av motorkøyretøy i Aurland kommune er utarbeida med utgangspunkt i *Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag, §§ 5 og 6.*

Vedteke i Aurland kommunestyre 15.12.2022 – K-sak 065/22

1. Omsyn til sårbare områder

Høgfjellsområder som ligg ovanfor skoggrensa bør i størst mogeleg grad skjermast frå motorferdsle. Spesielt gjeld dette områda innanfor villreinen sitt leveområde, og områder som er underlagt vernestatus. Omsyn til natur, dyreliv og friluftssinteresser skal vektleggjast.

2. Val av trase

All transport skal skje i kortast mogeleg trase mellom utgangspunkt og mål med transporten. Det skal likevel takast særlege omsyn til villreinen sine beiteområde, kalvingsområde og trekkvegar. Der det er mogeleg skal oppkørde løyper nyttast.

3. Barmarkskøyring

Ferdsl på bar mark vert regulert i forskrifta §2 og handsama etter søknad i medhald av forskrifta §6.

4. Tidsavgrensa køyring

Snøskuterkøyring er i utgangspunktet forbode:

- i perioden 1. mai til 1. desember
- palmesøndag og frå skjærtorsdag til og med 1. påskedag i tidsrommet kl 09.00 – 18.00
- i jule- og nyårshelga

Vedtak i PEU-038/22 og KS-065/22:

Legg inn i pkt. 4: Kommunen kan gi løyve til motorferdsel i utmark i perioden 1. desember - 30. april. Løyve vert tildelt ein gong pr sesong.

5. Søknad om dispensasjon

Elektronisk skjema på kommunen sine heimesider: www.aurland.kommune.no . Det kan gjevast løyve til begrensa tal turar i snøscootersesongen 1.desember til 30. april.

Søknaden skal innehalde:

- Namn på søkjar, adresse, e-post og telefonnummer
- Type og registreringsnummer på køyretøyet
- Føremål med transporten
- Kva område/trasè transporten gjeld

- Kart med innteikna rute

6. Mynde

Forskrift om bruk av motorkøretøy i utmark og på islagde vassdrag, vert forvalta i tråd med Aurland kommune sitt delegasjonsreglement.

7. Handheving, oppsyn og straff

Kontroll med at lov, forskrift og retningsliner vert følgd ligg hjå politistyremaktene.